

Fiskarlaget mot Skorpo-plassering

08.02.2014

Fiskarlaget Vest har også gjeve uttale om den planlagte flytting av oppdrettsanlegget utanfor Skorpo. Laget går sterkt imot at det vert gjeve løyving til plassering av anlegget slik det er søkt om. Det er tenkt lagt rett utanfor kaste- og låssettingsplassen og ein slik plassering vil klart kome i konflikt med bruken av plassen.

Det vert peika på at det er registrert 2 område for akvakultur like søvest for det omsøkte område.

Når det gjeld auka biomasse og kva området tåler, må rette styresmakt vurdere det, uttaler fiskarlaget.

Dei har og eit generelt synspunkt der dei ikkje godtar at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er også andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen